



Forsand kommune

Kontakt saksbehandlar

Maren Skåden, 51 56 88 32

## Forsand kommune – krav om lovlegkontroll av kommunestyret sitt vedtak

**Fylkesmannen har motteke krav om lovlegkontroll av kommunestyret i Forsand sitt vedtak punkt 2 om at det skal haldast folkerøysting.**

**Fylkesmannen er komen til at vedtaket er lovleg.**

Vi syner til klage frå kommunestyrerepresentantane Kåre Oaland, Reidar Thu og Gunleif Haukelid datert 22.2.2019.

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld spørsmål om kommunestyret sitt vedtak i sak 009/19 om at det skal haldast folkerøysting i Forsand kommune om Forsand skal gå til Sandnes kommune eller til Strand kommune, er lovleg. Vedtaket vart gjort etter at følgjande innbyggjarforslag jf. kommunelova § 39 a vart sendt kommunen:

Jmf §39a i Kommunelova vil me med dette leggje fram følgjande innbyggjarinitiativ.

Etter at Kommunaldepartementet vedtok grensejustering av Kolabygda er premissa for samanslåinga radikalt endra, i høve til vedtaket i kommunestyret i 2017 om samanslåing med Sandnes kommune.

Me ynskjer å halda kommunen samla. Me vil oppretthalde og bygga eksisterande og gode nettverk og tilbod i kommunen, idrettsmiljøet, kyrkje og kulturlivet, dei frivillige organisasjonar og lag.

Med dette innbyggjarinitiativet krev me at det i Forsand kommunestyre vert fremja ei sak om folkerøysting over spørsmålet: «Skal resten av kommunen fylgje nordsida/Kolabygda inn i Strand?» kor svaralternativa er ja eller nei.

Kommunestyret behandla saka 20.2.2019.



Det vart først røysta over om innbyggjarforslaget skulle avvisast. Fleirtalet i kommunestyret ,9 av 17 kommunestyrerepresentantar, fatta følgjande vedtak:

*«Forsand kommunestyre tar saka: «Innbyggjarinitiativ om folkerøysting om å følgje Kolabygda inn i Strand kommune» opp til realitetsbehandling.»*

Etterpå fatta kommunestyret følgjande vedtak:

*«På bakgrunn av dei endra forutsetningane i kommunesamanslåinga mellom Sandnes og Forsand jfr, avgjerd i KMD, vedtek kommunestyret at det skal haldast folkerøysting blant innbyggjarane i Forsand. Røystene frå grensejustert område på nordsida av Lysefjorden skal komme fram som eige valresultat.*

*Folkerøystinga skal vera på Forsand kommunehus snarast. Røystelokalet skal vera open mellom klokka 09.00 og klokka 20.00. Det skal også vera førehandsrøysting.*

1. *Ønsker du omgjerding av vedtatt grensejustering ?*
2. *Ønsker du, ut fra dagens situasjon, at resten av Forsand skal gå til*

*---Sandnes*

*---Strand»*

Vedtaket vart påklaga av kommunestyrerepresentantane Oaland, Thu og Haukelid i brev datert 22.2.2019. Klagarane skriv at vedtaket sitt punkt 2 er ein omkamp på eit vedtak som allereie er vedteke i kommunestyret i samband med kommunereforma. Etter kommunelova § 39 a nr. 3 bokstav b kan det ikkje fremjast forslag som har same innhald som ei sak som tidlegare er behandla i same valperiode. Klagarane peiker på at forslaget gjeld folkerøysting om eit tema som kommunen gjennomførte ei folkeundersøking på i samband med kommunereforma, og at innbyggjarforslaget skulle ha vorte avvist.

Klaga vart behandla i kommunestyret den 27.3.2019, men vart ikkje tatt til følgje.

### **Fylkesmannen sine merknader**

Det er slått fast i kommunelova (koml.) § 59 nr. 1 at tre eller fleire medlemmer av kommunestyret kan senda eit kommunalt vedtak til departementet for lovlegkontroll. Det går fram av kommunelova § 59 nr 4 at ved ein lovlegkontroll skal det bli tatt stilling til om avgjerda er:

- a. er innholdsmessig lovlig,*
- b. er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse, og*
- c. er blitt til på lovlig måte.*

*Departementet skal oppheve avgjørelsen hvis det er gjort slike feil at den er ugyldig.»*

Det er etter dette berre spørsmål om kommunestyret sitt vedtak er lovleg som skal vurderast i ein lovlegkontroll. Fylkesmannen skal ta stilling til om avgjerda sitt innhald er korrekt, om det er treft av nokon med mynde til å treffa vedtak og om saksbehandlingsreglane er følgde.

Det går fram av kommunelova § 39 b at kommunestyret kan treffa vedtak om at det skal haldast rådgivande lokale folkerøystingar. Fylkesmannen legg etter dette til grunn at kommunestyret hadde



mynde til å treffa vedtak i saka og at vedtaket i seg sjølv er innholdsmessig lovleg. Spørsmålet klagarane ønskjer å få avklart, er om innbyggjarforslaget skulle vore avvist med heimel i koml. § 39 a nr 3 bokstav b:

3. *I samme valgperiode kan det ikke fremmes forslag dersom dette har...*
- b) *samme innhold som en sak som er behandlet av kommunestyret eller fylkestinget i løpet av valgperioden.*

Kommunelova § 39a bokstav b er ei innskrenking i den retten innbyggjarane har til å få ei sak tatt opp til behandling i kommunestyret. Lova inneheld likevel ikkje eit forbod mot at kommunestyret realitetsbehandlar slike initiativ. Dette går klart fram av Prop. 113 L (2013-2014) på s. 4, der det står at «...kommunestyret har høve til dette, men innbyggjarane vil altså ikkje ha krav på at det blir gjort ei realitetsvurdering».

I denne saka vart det stemt over om saka skulle avisast med heimel i § 39a nr 3 bokstav b eller om forslaget skulle bli tatt opp til realitetsbehandling. Fleirtalet i kommunestyret stemte for å ta saka opp til behandling. Dette hadde kommunestyret heimel til å gjera. Vedtaket er etter dette blitt til på lovleg måte.

Det kan avslutningsvis understrekast at innbyggjarforslaget likevel ikkje vart vedteke slik det var fremja av innbyggjarane. I same sak vart det sett fram fleire alternative forslag til kva det skulle røystast over i ei folkerøysting av ulike kommunestyreprerantar. Det forslaget som vart vedteke, er det som er referert i innleiinga. Kommunestyreprerasantane kan fremja alternative forslag til vedtak i ei sak som står på saklista. Forslaget vart vedteke med 15 røyster for og 2 imot. Fylkesmannen har ikkje innvendingar til saksbehandlinga i saka.

## **Vedtak**

**Fylkesmannen finn etter dette at vedtaket er lovleg.**

**Fylkesmannen si avgjerd er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28 sml § 2.**

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Lone Merethe Solheim  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kåre Oaland	Oalandsvegen 399	4110	Forsand
Gunleif Haukelid	Haukalivegen 399	4110	Forsand
Reidar Maurits Thu	Kyrkjevegen 3	4110	Forsand